

---

**Fra:** Leif Nævdal <leif@lindas-ror.no>  
**Sendt:** fredag 4. januar 2019 14:16  
**Til:** siril.therese.sylta@lindas.kommune.no; Anne Lise Molvik  
**Kopi:** cecilie.berentsen@gmail.com; Heine Milde Nævdal; Synnøve Tveite  
**Emne:** VS: 18/3732-19/68 Minirensanlegg FD5NGRP på gbnr.155/30, Lurevegen 502.

Hei. Viser til dykkar brev under her.

Cecilie Berentsen var innom til oss i går og ba oss lage til søknadspapir for søknad om utslepp og igangsettingsløyve for dette anlegget.

Det har me sagt at me kan ordne, så det vil komma inn søknad om utslepp etc. i løpet av kort tid.

Dette gjeld ei eksiterande hytte som i dag har utslepp av gråvatten i fra gamle dager, og dette vil ho no

få utbeta i samband med at ho vil oppgradera sanitæranlegget og eventuelt montera inn vassklosett i hytta.

Ho har før dette gjort avtale med ein leverandør av Biovac rensanlegg som skal levera anlegget, og det er vel derfor dei har sendt inn serviceavtalen.

Det vil ikkje verta utført noko arbeider før alle godkjenninger er ok.

Mvh

**Lindås Rør & Sanitær AS**

Leif Nævdal

[leif@lindas-ror.no](mailto:leif@lindas-ror.no)

Tlf: 93 40 02 40



---

**Fra:** [synnovetveite@gmail.com](mailto:synnovetveite@gmail.com) <[synnovetveite@gmail.com](mailto:synnovetveite@gmail.com)>

**Sendt:** 4. januar 2019 12:43

**Til:** Leif Nævdal <[leif@lindas-ror.no](mailto:leif@lindas-ror.no)>

**Emne:** IMG\_1485.jpeg

Cesilie Berentsen

Tlf. 91851795

Kan du ringe ho angående dette brevet ho har fått i dag?



## LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Cecilie Bergfjord Berentsen  
Aga 55  
5776 NÅ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3732 - 19/68

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
03.01.2019

## Gjeld mottatt serviceavtale for Biovac minireinseanlegg - gbnr 155/30 Monstad (Vollom)

Lindås kommune har 12.12.2015 mottatt serviceavtale for Biovac reinseanlegg for fritidseigedommen gbnr 155/30. Avtalen gjeld anleggstype FD5NGRP, anleggsadressa er oppgitt til Lurevegen 502.

Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre eller er søkt om utsleppsløyve for eigedommen. Vi gjer merksam på at ingen kan setja i verk nye utslepp eller auka utslepp vesentleg utan at det ligg føre løyve etter forureiningsforskrifta § 12-5. Rehabilitering og utskifting av avlaupsanlegg kan også vera søknadspliktig.

Kommunen ber om tilbakemelding på kva serviceavtalen gjeld. Frist for tilbakemelding vert sett til **01.02.2019**. Tilbakemelding kan gjevast til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Biovac Environmental Technology AS    Farexvegen 19    2016    FROGNER

**Mottakarar:**

Cecilie Bergfjord Berentsen    Aga 55    5776    NÅ

Mvh

Synnøve Tveite